



2019

HANDLINGSPLAN MOT VALD I NÆRE RELASJONAR 2019-2023

06.06.2019

Føreord

Vald i nære relasjonar er både alvorleg kriminalitet og eit angrep på grunnleggjande menneskerettar. Smerta over å bli utsett for vald frå ein person som står ein nær, kjem i tillegg til sjølve valden (www.regjeringen.no) I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 «*Et liv uten vold*», vert kommunane oppmoda om å arbeida ut kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

I ljøs av Stortingsmelding 15 (2012 – 2013) «*Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar – Det handlar om å leve*» blei det sett ned ei arbeidsgruppe der desse var med:

- Liv Johre Bakke, avdelingsleiar/styrar i Fyresdal barnehage
- Sarke Veum, rektor/avdelingsleiar kultur
- Bjørn Håvard Olsen, lensmann
- Anne Veum, avdelingsleiar pleie og omsorg
- Tron Armand Støle, pedagogisk konsulent

I stortingsmelding nr. 26 (2014 – 2015) «*Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*» heiter det mellom anna at Regjeringa vil styrke arbeidet for å utvikle tenestene innan vald i nære relasjonar, tydeleggjere ansvaret i lov, auke kompetansen og gjere dei kommunale helse- og omsorgstenestene betre i stand til å oppdage og overvinne overgrep. Fyresdal kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar har ein heilskapleg tenking kring vald i nære relasjonar.

Fyresdal kommune skal ha tiltak for å **førebyggje, oppdage og fylgje opp!**

Innhald

Føreord	1
Innhald	2
Samandrag	3
1 Innleiing	3
1.1 Definisjonar av vald	4
1.2 Planprosessen.....	4
1.4 Planavgrensing.....	5
2 Betre føre var. Om førebygging og synleggjering.....	5
2.1 Synleggjering.....	5
2.2. Ansvar	8
3 Tryggleik til å handle. Om kunnskap og kompetanse.....	8
4 Alle skal nåast. Om hjelpe- og behandlingstilbod ved mistanke om vald.....	9
5. Lov og rett. Om straffeforfylging.....	11
6 Saman blir me betre. Om samarbeid og samordning.....	12
7. Forslag til vegen vidare.....	15
8. Litteraturliste:	16

Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 "*Et liv uten vold*" vert kommunane oppmoda om å lage kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

Vald fører til mykje liding, og dei helsemessige verknadene kan bli omfattande og livstrugande. I tillegg til dei store verknadene for den einskilde, har valden og store negative økonomiske verknader.

I stortingsmelding nr 26 (2014 – 2015) "*Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*", peikar Regjeringa mellom anna på ei styrking av arbeidet for å utvikle tenestene innan vald i nære relasjonar, og gjere dei kommunale helse- og omsorgstenestene betre i stand til å finne ut om vald og overgrep.

Alle kommunar er ved Lov om krisesenter av 01.januar 2010 (krisesenterlova) pålagt å syte for eit tilbod om krisesenter til personar som er utsette for vald i nære relasjonar eller truslar om vald i nære relasjonar. Denne lova gjev kvinner, menn og barn lik rett til hjelp.

Fyresdal kommune sin handlingsplan har ei heilskapleg tenking omkring vald i nære relasjonar.

1 Innleiing

Pedagogisk konsulent har ført planen i pennen og lagt den fram og for arbeidsgruppa i møte 28.02 og 28.4. Det vert i møte 28.04.2019 einigheit om å sende ut planen på høyring.

Høringsgruppa består av:

- Avdeling helse, Fyresdal barnehage, Gimle skule, kulturkonsulen, psykisk helseteneste, heimesjukepleie, avdeling pleie og omsorg, politi, tannlege, NAV, PPT, ambulansen, Telemark lys (i høve inkludert busetting av flyktingar og via attføring) og barnevernet.

Målgruppa for planen er fyrst og fremst tilsette i Fyresdal kommune. Planen vil likevel bli tilgjengeleg for alle, som eit ledd i informasjon til innbyggjarane i Fyresdal kommune.

1.1 Definisjonar av vald

Den mest nytta definisjonen er:

"Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den andre personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil". (Per Isdal frå Alternativ til Vold).

- **Fysisk vald/mishandling** (slag, spark, innesperring, isolering, kvelartak)
- **Seksuell** (seksuelle overgrep eller truslar om dette)
- **Materiell vald** (knusing, øydelegging, kasting av gjenstandar, slag i veggjar og dører)
- **Psykisk** (bruk av ord og stemme som kontrollerer, skadar eller krenker)
- **Økonomisk vald** (den eine parten vert nekta å ha kontroll over eigne eller felles økonomi)
- **Latent vald** (vald som "ligg i lufta", ein spesiell stemning før eller etter ein episode)
- **Oppdragarvald** (brukt for å endra åtferd til barn og unge)
- **Vald mot det ufødde liv** (vald mot gravide og gravides vald mot seg sjølv og det ufødde liv)
- **Vald relatert til ære og ekstrem kontroll** (utøving av vald i frykt for å miste ære eller posisjon)
(www.politiet.no)

1.2 Planprosessen

Det blei sett ned ei arbeidsgruppe for utarbeiding av eit planforslaget. Vidare skal aktuelle avdelingar og partar takast med gjennom høyringsrunde.

Planen vert godkjent av arbeidsgruppa 06.06.2019.

Handlingsplanen for vald i nære relasjonar 2019 – 2023 vert vedteken i Fyresdal kommunestyre den 31.10.2019

1.4 Planavgrensing

Denne handlingsplanen tek føre seg vald i nære relasjonar mot barn, ungdom, vaksne, eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Planen har mest fokus på førebygging og minst fokus på behandling.

2 Betre føre var. Om førebygging og synleggjering.

Vald i nære relasjonar har eit stort omfang og går føre seg i alle sosiale lag, og er eit alvorleg samfunnsproblem både ut i frå kriminalitet-, helse-, likestilling- og oppvekstperspektiv. Valden påfører betydelege lidingar, og dei helsemessige konsekvensane kan vere omfattande og livstruande. Valden har store samfunnsøkonomiske kostnader.

I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 *"Et liv uten vold"*, vert kommunane oppmoda om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Førebygging av vald samt å motverke til vald i nære relasjonar gjennom å arbeida for eit tryggare, meir likestilt samfunn, er ei prioritert oppgåve for regjeringa. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar i strid mot norsk lov og grunnleggjande menneskerettar.

2.1 Synleggjering

Å avdekke vald er ikkje alltid lett. Fordi vald har så ulike uttrykk er det vanskeleg å seie kva for symptom ein skal sjå etter. Mange av symptoma fell saman med andre belastningar. Ver merksam om at nokre av teikna kan ha andre årsakar. Korleis kan ein til dømes sjå at eit spedbarn, ein trist familiefar eller ein engsteleg eldre pleietrengande med demens er eit offer for vald? Er det vald, eller er det noko heilt anna? Teikn på fysisk skade eller vald kan bortforklarast. Symptom på vald kan vere forvirrande.

Erfaringa er at det beste vi kan gjere er å bryte teiinga og tabuet. Denne handlingsplanen seier noko om kven som kan vera med å gjera noko, kva som kan gjerast, og kvar ein kan vende seg. Nokon kan vise fysisk uro og konsentrasjonssvikt, men kan og verke veldig omsorgsfulle, flinke eller vere stille.

Moglege teikn ein kan sjå etter: ver merksam på at fleire av teikna som er nemnd under spesifikke avsnitt og kan vere teikn på andre typar vald.

Teikn på omsorgssvikt og vanstell:

- Mangel på god hygiene i form av bleieskift, kroppsvask og klede
- Mangel på klede tilpassa ver og årstid
- Manglande oppmøte hos helse og tannhelse
- Unaturleg høgt fråvær frå skulen, redusert konsentrasjon og behov for søvn
- Mangel på næring, i form av ei god nistepakke hos skulebarn
- Gjentekne handlingar der barn tek mat eller pengar av andre
- Foreldre/omsorgspersonar som brukar rusmiddel/medikament
- Foreldre/omsorgspersonar som utøvar fysisk vald mot kvarandre
- Foreldre/omsorgspersonar som har psykiske lidingar

Teikn på seksuelle overgrep:

- Sår i munnen
- Har dårleg tannhelse og omfattande karies
- Vil ikkje gape, vanskar med å ha tannbørste i munnen
- Mangel på god hygiene i form av bleieskift og kroppsvask
- Barn som i stor grad «pleaser» vaksne eller barn, som gjer seg sjølv usynleg i sosiale samanhengar (Søftestad & Andersen, 2014 s.31), dei «perfekte» barna
- Barn med urovekkjande seksuell åtferd som skil seg ut frå det normale
- Mestringsstrategiar hos barn som bidreg til å skjule kva dei vert utsett for for omverda, t.d. «klovnen» i klassa eller barnet som presterer godt fagleg
- Emosjonelle problem som fylgje av traumatiserande barndomserfaringar
«To hovedkategorier er depresjon og angstlidelser, som kan vise seg som uro, engstelse, fobier, sosial tilbaketrekning, mangel på energi, oppmerksomhets- og konsentrasjonsvansker, kroppslig uro, dårlig selvtillit, søvnforstyrrelser og selvmordstanker» (Søftestad & Andersen, 2014 s.31)
- Emosjonelle problem kan føre til kjensler av skam, stigme og hjelpeløyse til eigen kropp og fører til rusmisbruk, spiseforstyrning, sjølvskading og risikofylt seksuell aktivitet (Søftestad & Andersen, 2014 s.31)
- Viser utagerande og utprøvande åtferd
- Kjem med konkrete utsegn
- Overgrepsutsette barn legg ut ulike «gulltrådar», bevisst eller ikkje bevisst, for å fange merksemda til dei vaksne (Søftestad og Andersen, 2014 s. 32)
- Er plaga av smerter frå kjønnsorganet som kan vera raudt og sårt, eller ha utflod og blod

Teikn på mishandling:

- Blåmerke, brot, brannsåar, skålde, bitemerke, hovne områder, andre skader på kroppen
- Mange «vondtar»
- Frykt
- Valdeleg åtferd
- Generelt sein utvikling hjå barnet

Teikn på psykisk mishandling:

- Er sosial tilbaketrekt
- Har uvanleg sterkt sinne
- Har låg sjølvtilitt
- Lir av spiseforstyrning
- Har angst og depresjonar
- Prøvar å rømme
- Seinare utvikling enn normalt, både fysisk og psykisk

Kjønnslemlesting, sentrale opplysningar og risikofaktorar:

- At mor til jenta er kjønnslemlesta
- At andre kvinnelege slektningar i utlandet eller heimlandet er kjønnslemlesta
- At familien som nyleg er komen til landet planlegg å reise til heimlandet med jenta, eller at jenta skal reise til besteforeldra i utlandet
- At foreldra søkjer skulen om forlenga ferie for jenta eller har fått løyve til forlenga ferie
- Foreldra sine haldningar til kjønnslemlesting

Offentleg tilsett har plikt til å avverje kjønnslemlesting om dei mistenkjer at inngrep planleggjast. Dei skal og sikre nødvendig helseomsorg til jenter og kvinner som alt har blitt utsett for kjønnslemlesting. **NB!** Det er ikkje straffbart å vera kjønnslemlesta.

Tvangsekteskap:

- Å tvinge nokon til å inngå ekteskap er forbode etter norsk lov, og krenkjer grunnleggande menneskerettar. Tvangsekteskap vert i dag definert som ein del av fenomenet vald i nære relasjonar. Alle offentlege instansar og tenester som får opplysningar som skaper uro for at barn skal giftast bort, har opplysningsplikt til barnevernstenesta og politi. Desse varsla skal gå utan at familien er informert.

2.2. Ansvar

Den enskilde innbyggjar:

Den enskilde innbyggjar har, etter evne, plikt til å hjelpe ein person som openbart står i fare til å miste livet eller bli påført skade på kropp og/eller helse.

Avdelingane i Fyresdal kommune:

Alle offentleg tilsette er pålagt ved lov å melde frå til politiet og/eller barnevernet ved mistanke om vald eller overgrep.

3 Tryggleik til å handle. Om kunnskap og kompetanse.

Avverjeplikta trør inn når ein held det for sikkert eller mest sannsynleg at ein aktuell straffbar handling vil bli utført eller er utført.

Opplysningsplikt går framom teieplikt (i alvorlege tilfelle kan og teieplikta bli sett til sides). Opplysningsplikt er eit sjølvstendig ansvar. Det trør inn når du har grunn til å tru at nokon vert utsett for vald.

Vald er kriminelle handlingar som skal handterast av politiet. Det er ikkje ditt ansvar å skaffe bevis for at vald skjer. Har du mistanke, meld frå til politiet, og det er politiet sitt ansvar å undersøkje tilhøva. Dersom du ikkje er offentleg tilsett kan du vere anonym. Offentlege tilsette kan ikkje vere anonyme. Har du mistanke om omsorgssvikt når det gjeld personar under 18 år, meld frå til barnevernet. Her gjeld det same om anonymitet som hjå politiet. Barnevernet vil spørje deg om du vil vere anonym eller ikkje. Og i slike saker er det nok med mistanke om omsorgssvikt for å melde i frå, barnevernet vil setje i verk nødvendige undersøkingar.

Har du mistanke om omsorgssvikt for vaksne og eldre heimebuande pleietrengande, meld frå anten til heimetenesta eller til legekantoret. Kommuneoverlegen har løyve til å koma på umelde heimebesøk dersom det skulle vere nødvendig.

Dersom du ikkje er offentleg tilsett og synes at dette er vanskeleg, kan du søkje råd og rettleiing utan atterhald hjå til dømes:

[Psykisk helseteneste \(97561574 eller 48206598 på dagtid\)](#), [prostidiakon \(91113580\)](#), [fastlegen din](#), eller andre offentlege tilsette du har tillit til.

4 Alle skal nåast. Om hjelpe- og behandlingstilbod ved mistanke om vald.

Nyttige kontaktpunkt til hjelp og nytte:

Namn	Telf.	E- post	Nettside	Diverse
Alarmtelefon for barn og unge	116 111	alarm@116111.no	www.116111.no	15.00-08.00 Døgnope helgar og hellagdagar
Barnevern-samarbeidet i Vest - Telemark	35055400			Måndag-fredag 09.00-15.00
Barneverns-vakt for Telemark	90053304			Måndag-fredag 16.00-08.00 helg og heilagdagar : Heile døgnet
Alternativ til vold	35559800	telemark@atv-stiftelsen.no	Atv-stiftelsen.no	Måndag-fredag 09.00-15.00
Din utvei			www.dinutvei.no	Nasjonal veiviser ved vold og overgrep
Familiekontoret i øvre Telemark	35068850 0	Familiekontoret.ovre. telemark@bufetat.no	www.familievern.no	
Helsestasjon/ For ungdom	35067304		www.fyresdal.kommune.no	
Kirkens SOS	22400040	Post@kirkens-sos.no	www.kirkens-sos.no	
Fyresdal legekantor	35067300		www.fyresdal.kommune.no	
Krisesenter	35503800	post@krisesenteretelemark.no	www.Krisesenteretelemark.no	Ope heile døgnet Alle dagar
Legevakt	116117		www.fyresdal.kommune.no	Ope heile døgnet
Overgrep.no			www.overgrep.no	Ope heile

				døgnet
--	--	--	--	--------

Overgrepsmottaket i Telemark	116117 – be om Skien	Skien interkommunale legevakt		Ope heile døgnet
Politiet	02800 / 112		www.Politiet.no	
Røde kors «Kors på halsen»	80033321 Chat	Mailkontakt krev Registrering og Pålogging	www.Korspåhalsen.no	Alder opp til 18 år. Måndag-fredag 14.00-22.00
Røde Kors telefon om tvangsekteskap og kjønnslemlestelse	81555201	Info. Tvangsekteskap.no	Rodekors-telefonen.no	Måndag-fredag 09.00-16.00
SEIF (selvhjelp for innvandrere og flyktninger)	22034830	seif@seif.no	www.seif.no	
Senter mot Incest og seksuelle overgrep i Telemark (SMISO)	35588880	post@smstelemark.no	www.Smstelemark.no	Måndag-fredag 09.00-15.00
Skulehelsetenesta	35067304		www.fyresdal.kommune.no	Måndag-fredag Dagtid
StineSofies Stiftelsen	37294090	post@barnerett.com	www.stinesofiesstiftelsen.no	
Tannklinikken i Seljord	350050159		www.Tanlege.nu	
Ung	116111		www.ung.no	
Vern for eldre	80030196		www.vernforeldre.no	«Utrygghet har ingen aldersgrense»



5. Lov og rett. Om straffeforfylging.

Det er viktig å plassere ansvaret der det høyrer heime - hjå overgripar. Ansvars plasseringa skjer i hovudsak ved at skuldspørsmålet vert stadfesta i ei rettssak. Valdsutøvar får ein dom og straff for overgrepa som er gjort.

Riksadvokaten har i rundskriv frå 2008 gitt detaljerte retningsliner for politiet og påtalemakta si handtering av saker om familievald, gjennom heile straffeprosessen. Kravet om effektiv innsats på saksområdet vert uttalt av riksadvokaten i «Mål og prioriteringer for straffesaksbehandling i 2013» (Rundskriv nr.1/2013): *«Det er fortsatt behov for å iverksette tiltak for å betre oppklaringen av voldssaker. Særlig oppmerksomhet bør rettes mot vold i nære relasjonar.»*

Vald i nære relasjonar kan inngå i den kategori saker som vert gitt forrang dersom det er knappe ressursar. Desse sakene skal oppklarast så langt råd er, med kortast mogleg liggetid både hjå etterforskar og jurist.

Strafferammar:

Seksuallovbrot: Kan straffast med opp til 21 års fengsel.

Vald i form av trugsmål/tvang kan straffast med alt frå bot og opp til, i dei grovaste tilfella, fengsel i 10 år.

Menneskehandel kan straffast med alt frå bot og opp til fengsel i 10 år. Slaveri kan straffast med opp til 21 års fengsel.

Vald mot lekam kan straffast med alt frå bot og opp til fengsel i 15 år. Ved dødsfall er høgste straff 21 års fengsel.

Vald mot materiell (skadeverk) kan straffast med alt frå bot og fengsel opptil 6 år.



Foto: Pixbay.com

6 Saman blir me betre. Om samarbeid og samordning.

Mål og visjonar:

Fyresdal kommune sin visjon er: ***Fyresdal kommune skal vere ein valdsfri kommune.***

Måla i denne handlingsplanen byggjer på §3 i folkehelselova.

Folkehelselovas §3:

«Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.»

DET ER LOVPÅLAGT Å LEVERE POLITIATTEST FOR ARBEIDSTAKARAR SOM SKAL JOBBE MED BARN OG PLEIETRENGANDE.

FRIVILLIGE ORGANISASJONAR BØR OG KREVJE POLITIATTEST (grunna eit førebuande og moralsk perspektiv).

Det er ein føresetnad/lovpålagt at alle som utfører oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarstilhøve ovanfor mindreårige eller hjelpetrengande menneske viser fram ein politiattest utan merknader ved tilsetjing og engasjement.



TILTAKSPLAN FOR FYRESDAL KOMMUNE:

Meininga med denne handlingsplanen er at innsatsen på området vald og overgrep skal sikra eit hjelpetilbod som er kunnskapsbasert og samordna på kommunenivå. Vidare er handlingsplanen sitt føremål å førebygge, avdekke og varsle om misshandling om vald.

Kva skal gjerast?	Kven har ansvaret for gjennomføring?
Vidareføring av kompetanse: <ul style="list-style-type: none">• Opplæring i kva vi skal sjå etter• Kva gjer vi med det vi ser/høyrer? – rutinar for å melda saka vidare• Opplæring i konsekvensane av det å leve med vald• Opplæring i korleis snakke med barn om vald og overgrep	Alle tilsette i dei aktuelle avdelingane
Stille «rutinespørsmål» om vald og overgrep: <ul style="list-style-type: none">• I samband med svangerskapskontroll, NAV, fastlege, barnevernstenesta, skulehelsetenesta, flyktningsstenesta, tannhelsetenesta og andre aktuelle tenester	Alle tilsette i dei aktuelle avdelingane
Førebyggjande tiltak i barnehage/skule mot vald og overgrep: <p>Arbeide for eit opnare samfunn om temaet. Gjere det enklare for barn og unge å tøre seie frå.</p> Snakke med barn og ungdom om kjensler: <ul style="list-style-type: none">• Psykologisk førstehjelp• Utsette barn/ungdom får tilbod om samtale.• Vurdere etablering/hjelp til etablering av sjølvhjelpsgrupper.• Nytte kriseportalen.no Førebyggje vald mot eldre personar med	Barnehage/skule (SFO) Helsestasjon/Psykiatritenesta Barnehage/skule (SFO)

<p>og personar med nedsett funksjonsevne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Opplæring av tilsette som jobbar inn mot desse gruppene. • Rutinar for korleis ein melder slike saker vidare. • Bruk av opplæringspakka «ESS-etikk, samliv og seksualitet» som tek føre seg område som folkeskikk, utvikling av kroppen, hygiene, kjærast, prevensjon og meir. 	<p>Alle tilsette i dei aktuelle avdelingane</p>
<p>Samarbeid fritidstilbod, ideelle organisasjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gode samhandlingsarenaer i kommunen, for blant anna idrettslag, kultur, interesseorganisasjonar, kyrkje. 	<p>Assisterande rådmann</p>
<p>Rettleiing av føresette</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gje føresette og vaksne gode verktøy i rolla som føresette. 	<p>Helsestasjonen Psykisk helse/rus Skule (SFO) Barnehage Barnevern</p>
<p>Kvar avdeling i Fyresdal kommune har sin eigen tiltaksplan i høve dette temaet. Denne skal tilsette vere godt kjent med.</p>	<p>Avdelingsleiar</p>

Denne tiltakslista kan supplerast eller endrast på møte, eller ved å nytte fristen!



Foto: Pixbay.com

7. Forslag til vegen vidare

- Fyresdal kommune krev at frivillige organisasjonar skal stadfeste at alle personar som arbeider med barn, unge og pleietrengande, har gyldig politiattest for å kunne bli tildelt kommunale midlar om dei søker slike.
- Fyresdal kommune går gjennom sine lister over tilsette og sjekkar ut at dei som skal levere politiattest, har levert.
- Denne planen må oppjusterast/reviderast ein gong i kvar valperiode.
- Denne planen skal kontinuerleg haldast kjent for dei tilsette. Dette er spesielt viktig ved tilsetjing av nye arbeidstakarar.
- Planen skal og gjerast kjent for foreldre/føresette og pårørande.



Foto: Pixbay.com

8. Litteraturliste:

- Hammerlin, Y. og Leer-Salvesen, P. (2014). «*Voldens ansikter – en dialog om ondskap, ansvar og håp*» Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Handlingsplan. «*Et liv uten vold – Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014 – 2017*». Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet
- Handlingsplan. «*Handlingsplan mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2012)*». Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.
- Meld. St. 15 (2012-2013). «*Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjoner – Det handler om å leve*». Oslo: Det kongelige justis- og beredskapsdepartement.
- Myhre, M.C., Borchrevink, C., Sommerfeldt, M.B. (2015) «*Oversikt over rutineguider og kartleggingsverktøy for vold i nære relasjoner.*» Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.
- Stine Sofies Stiftelse. Veileder: «*Barn som voldsofre*»
- Søftestad, S og Andersen, I.L. (2014). «*Seksuelle overgrep mot barn. Traumebevisst tilnærming.*» Oslo: Universitetsforlaget.
- «*Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom – En god barndom varer livet ut (2014-2017).*» Oslo: Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet.

